



Årdal kommune

Ordfører

Helse Førde
Postboks 1000
6807 FØRDE



Vår ref. 17/1810-5 Dykkar ref. Sakshandsamar Arild Ingar Læg Reid Direktør 97529137 Arkiv Dato: 25.01.2018

Uttale - Helse Førde sitt budsjett for 2018

Ikkje bruk eldre kvinner som salderings-post!

Kommunestyret i Årdal sluttar seg til kommunestyret i Lærdal og Eid, og vil på det sterkaste protestere mot framlegget om å legge ned dei gynekologiske poliklinikkane ved Nordfjord og Lærdal sjukehus i 2018.

Det polikliniske gynekolog-tilbodet ved lokalsjukehusa ligg allereie langt under det reelle behovet til kvinnene i Nordfjord og Sogn. Det blir prioritert strengt kva kvinner som får gynekologisk undersøking lokalt dei ca 20 dagane i året ein har eit slikt tilbod ved lokalsjukehusa. Dei som blir prioritert, er i hovudsak eldre kvinner med dårleg helse som ein ikkje ynskjer skal bli utsett for tilleggs-belastinga med lang reiseveg til Førde.

Ei slik prioritering er i tråd med dei nasjonale føringane for "Framtidas lokalsjukehus", som peiker på at tilbodet ved lokalsjukehusa i større grad skal rettast inn mot breie pasientgrupper med dårleg helse, og med fleksible modellar som gjer at dei skal få så mykje som råd er av sitt helsetilbod lokalt.

Vi vil også peike på at ei evt nedlegging av gynekologisk poliklinikk i Lærdal og Eid høgst truleg fører til at mange av desse kvinnene vil velje sjukehus utanfor fylket for å få kortast mogleg reiseveg (Voss, Volda).

Vi krev ut frå dette at Helse Førde straks set i gang rekruttering av legekapasitet for å kunne halde oppe den gynekologiske poliklinikk-aktiviteten i Eid og Lærdal. Eit minstekrav må vere at styret slår fast at aktiviteten skal vere på plass igjen frå 1.1.2019.

Dersom den økonomiske situasjonen i Helse Førde no er så kritisk at ein set i verk drifts-kutt som råkar eldre, sjuke kvinner med stort behov for helse-hjelp, vil vi alternativt oppmode styret til å setje dei planlagde investeringane ved Førde Sentralsjukehus på vent, evt nedskalere desse.

Denne uttalen er samrøystes vedteken av kommunestyret i Årdal den 21.12.2017.
Me oppfordrar med dette andre kommunar i Sogn Regionråd å slutte seg til uttalen.

Med helsing

Arild Ingar Lægreid
Ordførar

13#52:cf42473f-83c8-4c4f-9f95-b6114c962381.4

Avsender: Årdal kommune
Statsråd Evensensveg 4
6885 Årdalstangen



36862-12-17

Helse Førde
Postboks 1000
6807 FØRDE

Brev fra Årdal kommune angående Kommunestyret - 21.12.2017